

Modalen kommune

postboks 44
5729 MODALEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:
22/795 - 1 / KK /

Dato:
14.09.2022

Melding om endring i tenesteavtale om digitalt sikringsmagasin med driftstenester

Att: Kommunedirektør og arkivleiar.

Vi viser til tenesteavtalen om digitalt sikringsmagasin (DSM) med driftstjenester. Vår avtale om DSM gjennom Kommunanes digitale ressurscenter (KDRS) opphøyrer 31.12.2022. Dette skuldast tre ting.

1. Våre eigarkommunar gjennom deltakinga si i DigiVestland har forplikta seg til å nytte nasjonale felleskomponenter og løysingar der desse finst.
2. KDRS har vedteke ein strategi om å avvikle si eige DSM teneste og samarbeide med Arkivverket om dette frå 2025.
3. Vi har i samarbeid med eigarkommunar gjennomført ein vellukka pilot opp mot den nasjonale fellesløysinga for DSM som vert levert av Arkivverket.

Ei pressemelding frå Arkivverket om piloten finn du her:

[Gode erfaringer med langtidsbevaring i Digitalarkivet - Arkivverket](#)

Som eit resultat av dette, er det teke ei avgjerd om å teikna ei driftsavtale med Arkivverket om Digitalarkivet som DSM. frå 01.07.22.

Konsekvensar for dykkar kommune.

Avgjerda om å ta i bruk Digitalarkivet som DSM, medfører at utviklingskostnaden knytt til depttenesta vert redusert frå 2023. Arkivverket har fått bevilga midler over statsbudsjettet for å utvikle og drive tenesta. Vi vil varsle dykk i god tid på førehand dersom tenestene frå Arkivverket vil medføre aukte kostnadar.

Ut over dette, har DSM tenesta som før, ein kostnad pr. system den enkelte kommune har i sikringsmagasinet og timekostnad for arbeide som kommunen ynskjer at vi skal utføre utover det dei gjer sjølve eller det som allereie ligg inne i avtala.

Gjennom å prise løysinga pr. system er løysinga og skallerbar og tek omsyn til den enkelte kommune sitt behov for tenester. Når vi til slutt og har ein timekostnad for utført arbeide tek vi omsyn til dei kommunane som ynskjer å gjere deler av arbeidet sjølve, eller allereie har avtala å setje vekk deler av arbeidet til leverandørsida.

Med venleg helsing

Knut Kjosås
fagleiar

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tenesteskildring DSM vs. 1.1.

1357303

14.09.2022

Kopi til:

Rune Lothe